

# Lærarar å segla Oselvar

**Båtlaget Njord/Tysnes har i år arrangert to seglarveker for fyrste gong på fleire år.**

**– Det er bra å få opp aktiviteten litt òg, meiner oselvarinstruktør Kjell Magnus Økland.**

Totalt 11 deltakarar fekk i førre veke innføring i korleis ein oselvar skal seglast. Eit tal arrangørane i båtlaget Njord/ Tysnes seier seg brukbart nødg med.

– Det ideelle hadde vore 15. Då kunne me hatt fem båtar med fullt mannskap, seier Kjell Magnus Økland.

Slik det var no vart det litt for lite folk til å fylla alle båtane. Men Økland vil ikkje klaga på det.

## Ikkje øvre aldersgrensa

Måndag var einaste dagen alle fem båtane fekk leika seg på fjorden. Då var det segling med instruktørar. Kjell Totland, Lars Norvald Grøteide, Svein Økland og Kjell Magnus Økland gjorde det dei kunne for å læra bort seglsporten sine kunstar til ferske seglarar.

Litt teori var lagt inn i programmet. Men det aller meste vart gjennomført som praktisk læring.

– Me rigga båten på land på måndagen.

Då kom det ein bris innover som gav liv i segla.

– Å sjå det der og då på båten er betre enn på ei tavla. Det trur eg ikkje me har gjort på oselvarveko før, seier ein pedagogisk Kjell Magnus Økland.

Ein anna nytt moment ved årets oselvarveka var at det ikkje var sett ei øvre aldersgrense.

– Før har den vore 18 - 19 år. I år er den eldste over 50, mens den yngste er tolv, seier han.

– Det har fungert veldig bra.

## Lite vind

Kvar dag i veka var seglarane opptekne frå 10 - 16. Det kunne det vorte endra på i følge Økland.


– Me kunne ha byrja seinare på dagen. Når det er nordavind kjem ikkje den før rundt 12.

Optimistjolleveka vart i år ein stor suksess med fleire deltakarar enn på lenge. Kvifor ikkje oselvarveka er like populær, ser Økland fleire grunnar til.

– Optimistjolleveka vert kanskje meir som ein barnehage for foreldre som er på jobb. Då veit dei i alle fall kvar dei har ungane dei timane.

Oselvarveka har ikkje den same funksjonen, meiner han. I tillegg har ikkje veka vore så sterkt profilert.

– Eg har ikkje marknadsført denne seglarveka så enormt. Det er fyrste gong eg har det, så det er kanskje like greitt at det ikkje er 30 stykker her, seier Økland.



**Oselvar-lærlingane ventar på vind slik at dei kan prøva lærdomen frå kurset i praksis.**

## Lært å rigga

Av dei som deltok på oselvarveka var det berre eit par som hadde segla oselvar før. Marte Grøteide og Thomas Hügli var av dei som var ferske i gamet.

– Me har aldri segla oselvar før, sa dei.

Men at dei no har lært litt, var det ingen tvil om. Rigging av båten såg i alle fall ut til å

gå greitt.

– Me har lært rigging i løpet av veka, seier Grøteide.

– Viss eg vil læra, lærer eg raskt, meinte Hügli.

At kurset hadde auka interessen for oselvarsegling var dei to skjønt einige om.

– Eg vart med for å læra å segla. Eg har ikkje eigen båt enno, men kanskje eg skaffar meg ein seinare, seier Thomas Hügli.

Då var det klart for ein dag med regatta på fredag. Noko som berre var med på moro.

– Eigentleg har eg ikkje ønskja å vektleggja det å segla konkurransen så mykje, men det er no for at dei skal få prøva det, seier Kjell Magnus Økland.

I august arrangerer båtlaget Njord/Tysnes NM i oselvarsegling.

**Torstein Fjeldet Lunde**